

Møtereferat 24. oktober 2013 Hordaland Seilkrets sitt eintypeutval

Frammøtte;

Jens Altern Wathne, Melges 24
Kjell Magnus Økland, Express/Oselvar
Fredrik Normann Hansen, Express

Trond Aarø, F18/Snipe
Lars Jårvik, Knarr
Sverre Valeur, Yngling

Møteleiar og referent: Kjell Magnus Økland

Saksliste:

1. Referat frå førre møte

Referatet er publisert på eintypeutvalet sine sider på www.hordaland-seilkrets.no der det elles óg er lagt ut ein del annan info om eintypearbeidet siste året.

Det var ingen merknader til referatet.

2. Kort gjennomgang av eintypesesongen 2013 og status pr oktober 2013

Melges:

Det er 7 båtar i Hordaland. Positiv utvikling med to båtar plasserte i BS. God deltaking på Norges Cup under RAN Eintype Regatta, der 5 båtar frå Hordaland deltok. Her vart det óg for fyrste gong i klassens søge delt ut kreismesterskapsmedaljer. Ein båt deltok óg i NM og i verdenscup i USA. Klassen er no fordelt i Askøy og BS og vil arbeide for å halde oppe den positive trenden som den har i øyeblikket.

Snipe:

Klassen har samla seg på Milde, seglar to pølseregattaer på mandagar. Positiv utvikling i klassen. Deltok ikkje på RAN Eintype Regatta. Neste år vil klassen bygge vidare på den gode utviklinga i 2013.

F 18:

Tre båtar som ligg samla i Ran. Deltok med to båtar på RAN Eintype Regatta. Opplever aukande interesse hausten 2013 av folk som vil prøve båttypen.

Oselvar:

Har endra vekedag til mandag, seglar på Milde. Har hatt liten aktivitet i 2013 utanom eit godt NM som samla 22 båtar på Tysnes. Årets Norgesmestrar deltok på Mesternes Mester i Oslo. Det er på gang lansering av stort bokverk om båttypen neste år, noko som truleg vil føre til auka aktivitet og interesse for båttypen.

Express:

Forsøkte samling i Byfjorden på onsdagar. Trass i tilbod om eigne pølsebanedagar vart ikkje dette ein suksess. Mestedelen av sesongen segla båtane på faste merker, noko som har mindre appel. NM i BS vart ein stor suksess med 34 startande båtar. 16 av desse var båtar frå Bergensområdet. Sjå elles sak 4.

Knarr:

Knarrklassen har segla 39 seglasar i 2013. Dei fleste seglasane er gjennomført på Raunefjorden, men nokre er óg segla på Korsfjorden. Serieseglasar på tysdagar har klassen hatt stabil deltaking på 6-11 båtar. Totalt har 22 ulike rormenn segla minst to seglasar. Eit lag har i tillegg segla NM i Oslo og tre lag segla IKC i San Fransisco. Klassen planlegg oppgradering av master og vonar dette vil føre til auka aktivitet i 2014. Dessutan har klassen IKC i 2014.

Yngling:

Klassen seglar torsdagar i Hauglandsosen og tel no 23 båtar i Askøy Seilforening. Klassen hadde militært VM juni, skulle ha NM i august og hadde 22 båtar klare, men vindstilla gjorde at ein berre fekk 2 seglasar og ikkje godkjent NM. I ahust har klassen hatt haustserie med 12 båtar og deltok med 7 båtar på RAN Eintype Regatta. Klassen er no byrja å fokusera meir på aktivitet og kvalitet heller enn kvantitet. Askøy er tildelt VM for klassen i 2015.

Generelt er inntrykket at eintypeseglinga i Hordaland Seilkrets er i fin framgang og at eintypeutvalet har bidratt til denne trenden.

3. Eintypetiltak på terminlista 2014

Modellen med lågterskels midtveke tilbod for alle klassane vert vidareført i 2014.

Av høgdepunktregattaer så arbeider både Askøy (Vårbkløyta) og BS (Sumarregatta?) med å utvikle eit tilbod med god kvalitet på vårparten. På hausten vil RAN Eintype Regatta bli forsøkt flytta til eit anna tidspunkt, truleg til kring midten av september.

Best i Vest (sjå sak 5) kan inngå i ein Seglsportens Dag på vårparten (før 17. mai) som rommar fylgjande element:

Lørdag:

- Best i Vest-regatta med Ynglingar som tevlar på Vågen
- Utstilling av eintypebåtar på land og sjø på Bryggen/Vågen
- Utdeling av brosjyremateriell om seglsporten
- Stand/infokiosk der dei ulike seglforeningar kan presentera seg
- Høve til prøvesegling for publikum

Sundag:

- Tom Bryggje eller T/H-regatta på Byfjorden?

Eintypeutvalet ved Sverre Valeur og Kjell Magnus Økland føl opp terminlistearbeidet. Sverre Valeur tar tanken om Seglsportens Dag med seg til styret i Hordaland Seilkrets.

4. Eintypesatsing i Ran Seilforening

Ran Seilforening har gjort eit styrevedtak som legg til rette for å tilby gode fasilitetar for Express samt å vidareføra ordningane for F18. Ran har for tida stor aktivitet for joller og ser at klubben må få på plass eit eintypetilbod for dei som går mot slutten av jollekarrieren. Klubben har difor vedteke å opprette pølsebaneseglasar for Express og F18 som startar våren 2014. Vidare vil klubben leggje til rette for Expressklassen gjennom billig kranbruk, gratis vinteropplag og ikkje minst billig hamneleige. Her kan det nemnast at klubben er viljug til å seie opp inaktive båtar med hamneplass for å frigjera båsar til Expressar og klassen vert prioritert ved annan ledig båskapasitet. Kjell Magnus Økland vil jobbe fram mot jul med å gjera dette tilbodet kjent i Expressklassen. Målet er å samle klassen i Ran frå sesongstart 2014.

5) Best i Vest

Ideen om Hordamester vart ikkje gjennomført i haust, men ideen lever vidare i form av konseptet Best i Vest. Regattaen vert avvikla i mai på Vågen med sosialt og publikumsvenleg opplegg på land. Arangør: Ran og Askøy Seilforening. Det vert stilt ni båtar + ein reservebåt til disposisjon. Dei ulike eintypeklassane ved flåtekapteinane får ansvar for å syta for at kvar klasse stiller mannskap i Best i Vest etter fylgjande modell: best i 2013 i NM/KM/serieseglas/ranking/HordaCup. Fylgjande klassar vert inviterte:

- | | | |
|------------|-----------|------------|
| 1. Yngling | 4. Melges | 7. Tur/hav |
| 2. Oselvar | 5. Snipe | 8. F18 |
| 3. Express | 6. Knarr | 9. Jolle |

Det skal vera dømning på banen. Ein seglar fyrst ein serie på tre løp der alle ni båtane er med. Avslutningsvis vert det ein avgjerande finale der dei fire beste frå løp 1-3 får delta. Ansvar for vidare framdrift rundt Best i Vest: Sverre Valeur og Kjell Magnus Økland. Sjå oppdatert konseptskisse som ligg vedlagt møtereferatet.

6) Eintypebrosjyre og vevsider

Sverre Valeur fortalde at Hordaland Seilkrets vil produsera ein brosjyre der dei ulike tilboda i kretsen er presentert. Eintypeklassane bør sjølvstilt inngå i ein slik brosjyre. Relevant info i ein slik brosjyre er informasjon om datoar, båtinfo, regattaopplegg for kvar klasse, klassekontakt og websider. Desse brosjyrane skal vera tilgjengeleg i alle foreningene i kretsen, på oppslagstavler, på websider og hos relevante utstyrsforhandlarar.

Kjell Magnus Økland oppmoda elles klassane om å produsera og send han stoff om kvar enkelt båttype som kan presenterast på eintypeutvalet sine vevsider på www.hordaland.seilkrets.no

7) Seglkro / seglfagle samlingar vinterstid

Onsdag 16. oktober arrangerte eintypeutvalet seglkro på Tracteuren der Jens Wathne heldt foredrag om segling i store eintypefelt. Diverre gjekk mykje av tida denne kvelden med til premieutdelingar for T/H-regattaer. Fleire kjende difor at konseptet seglkro kan ha godt av ein revisjon. Eintypeutvalet vil bidra i form av meir seglfagle samlingar og vil ta initiativ til ei slik samling før jul og to etter jul. Jens Wathne og Sverre Valeur arbeider vidare med dette.

8) Stor-NM for eintypeklasser?

Lars Jårvik presenterte ein tanke som Ove Lind har lufta i BS: Stor-NM for eintypeklassar i 2015 i Bergen. Ein ser då for seg å samle fleire NM i eintypeklassar til eit felles arrangement og starte ein prosess mot NSF for at dette konseptet skal verta eit årvisst samling. Sjølv om tanken utvilsomt er attraktiv, så avslørte drøftinga at eintypeutvalet er uviss til realismen i ein slik tanke. Det vil stilla store krav til arrangørfasilitetar som kran, hamneplass og baneområder.

9) Revidering av KM-reglar for eintype

Forslag om at punkt 1 b i KM-reglane vert endra frå noverande

Den i påmeldingen oppførte rormann må være medlem av forening/lag tilsluttet Hordaland Seilkrets, og skal ha ansvaret om bord som eier eller dennes representant.

til fylgjande:

Den i påmeldingen oppførte rormann må være medlem av, og seile for, forening/lag tilsluttet Hordaland Seilkrets, og skal ha ansvaret om bord som eier eller dennes representant.

Kjell Magnus Økland fremjer dette vidare til HSK sitt styre.

Møte slutt 2115

Referent:

Kjell Magnus Økland

24. oktober 2013